

## Saksutredning:

### SAMORDNING AV VESTLANDET SI DELTAKING I NORDSJØKOMMISJONEN

---

#### Trykte vedlegg:

1. Saksutredning
2. Vedtak fra fylkesutvalget i Sogn og Fjordane

#### Utrykte vedlegg:

---

## Sammendrag

### Om Nordsjøkommisjonen (NSC)

Nordsjøkommisjonen (NSC) vart oppretta i 1989, som ein geografiske underkommisjon av CPMR - Conference of Peripheral Maritime Regions. Vestlandsfylka har vore aktivt med i Nordsjøkommisjonen sidan starten. Organisasjonen har 35 medlemar som representerer 41 regionar i 8 land rundt Nordsjøen. Vestlandsfylka med si vestvendte kyst har mange aktivitetar knytta til Nordsjøen og landa rundt. I det ligg eit stort potensiale i å styrka samarbeidet mellom fylka og mellom Nordsjølanda. Derfor vil det vera viktig å fremja ei sterkare koordinering mellom fylkeskommunane.

Hovudfokus i NSC er utviklinga i Nordsjøregionen, særleg knytt til dei marine og maritime aspekta. Det meste av aktivitetane finn stad i kommisjonane sine arbeidsgrupper. Nordsjøkommisjonen har fem tematiske arbeidsgrupper: 1) Culture & Tourism, 2) Innovation & Education, 3) Marine Resources, 4) Sustainable Development, 5) Transport. Arbeids-gruppene skal både drive med politikkkutforming og utarbeide forslag til konkrete samarbeidsprosjekt.

I saka fremjar ein forslag til representasjon i dei ulike arbeidsgruppene.

I første omgang vert arbeidsgruppene fordelt mellom Rogaland og Hordaland sidan desse to fylka allereie har utpeika faste representantar som møter. Fordelinga kan derimot justerast undervegs, når fylka vert samde om det. Vestlandsrådet vil få melding ved endringar i denne fordelinga.

Det gjerer merksam på at fylkesutvalet i Sogn og Fjordane i sitt møte 260912 fatta vedtak om representasjon i nokre av NSC sine arbeidsgrupper og verv. Sjå eige vedlegg om dette.

### Forslag til vedtak:

- Vestlandsrådet legg opp til følgjande fordeling av ansvar for dei tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen:

- 

Arbeidsgruppe	Ansvarleg fylke	Vara
Culture & Tourism	Rogaland	Hordaland
Innovation & Education	Rogaland <sup>i</sup>	Sogn og Fjordane
Marine Resources	Hordaland	Møre og Romsdal
Sustainable Development	Hordaland	Rogaland
Transport	Hordaland	Møre og Romsdal

---

<sup>i</sup> Ellen Solheim frå Rogaland er leiar i gruppa "Innovation and Education"

--	--	--

- Vestlandsrådet legg til grunn prinsippa for samordning av deltaking i arbeidsgruppene, slik dei går fram av saksframlegget
- Vestlandsrådet vil søkje å samordne framtidige kandidatar til ledige verv i Nordsjøkommisjonen

Paul M. Nilsen  
fylkesrådmann

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*